



**RØNNAUG  
KLEIVA OG  
INGER LISE  
BELSVIK**

*Ikkje gløym å  
klappe katten*

**Det Norske  
Samlaget**

## Har du hugsa å klappe naboen, evt. naboens katt i dag?

Folk flest har sine fikse idéar. I så måte er eg ikkje unormal. Min fikse idé er at gode barne-bøker skal vere gode både for barn og vaksne.

Eg har lang røynsle som vaksen barneboklesar. I ca 15 år jobba eg i barneskulen. Der dreiv eg mykje med høgtlesing, ikkje minst av dikt for barn, kvar dag, og ganske ukommentert. Som alle foreldre har eg også lese for mine eigne barn.

Av og til har eg kjeda meg, men likevel lese forteljinga til endes. Kven ønskjer å seie til klassen sin at denne boka er så dårleg skriven at eg ikkje gidder lese meir for dykk? Mi oppleving av boka smitta likevel over på tilhøyrarane.

Andre gonger reiste håra seg av fryd, frykt og eg veit ikkje kva. Også den reaksjonen var smittande.

I dei aller fleste tilfelle når barnebøkene fram til barna via oss vaksne – som kjøparar og formidlarar. Slik eg ser det, skal barnebøker kunne lesast med utbytte av begge grupper. Smitteeffekten frå ein entusiastisk vaksenlesar er stor.

Som så mange andre forfattarar skriv

eg både for barn og vaksne. Kva er det då som avgjer om eg sender ei bok til vaksenbokredaksjonen eller til barnebokredaksjonen i forlaget? Det greier eg ikkje heilt å svare på. Men eg har aldri vore i tvil på det punktet.

Stort sett skriv eg om det vonde og vanskelege i tilveret, anten eg skriv for barn eller vaksne. Likevel er det somt eg aldri ville finne på å skrive om for barn, eller rettare – eg ville skrive om det på eit heilt anna vis. Eit vanskeleg område er dette med håp. Eg vil nødig støyte folk ned i den djupaste avgrunn, spesielt ikkje barn. Eller kanskje det er meg sjølv eg vernar om? I alle fall har eg ein tendens på slutten av ei bok til å lage ei opning mot noko som kan tolkast, om ikkje positivt, så ikkje direkte negativt.

Livet er eit ganske håplaut prosjekt, om ein skal vere realistisk og følgjeleg meir eller mindre deprimert. Men det er ikkje så verst likevel. Ein kan i alle fall kose seg med ei god og forferdeleg bok innimellom.

Boka mi i år handlar forresten for så vidt ikkje om kattar, men om sjalusi og det å bli sett. Eg meiner den kan interessere folk i alle aldrar.